



Jonathan har nettopp fått på plass sin fuglekasse.

Våren er her, og vårteikna er mange og kjærkomne. Eitt av dei er at småfulane bidrar med stemningsfull, vakker fuglesong og liv. 6.klasse ved Uskedalen skule har siste vekene brukt kunst- og handverkstimane til å laga flotte fuglekassar. På den måten legg dei til rette for at småfuglane også kan nytta det gode livet i Uskedalsnaturen.

Kvar av dei 13 elevane har laga sin fuglekasse. No er dei ferdige, og i helga er kassane plassert ute i skogen.

No ventar ein periode med observasjon, og alle elevane håpar sjølvst at det kjem fuglar og byggjer reir i kassane deira.

Gjennom dette prosjektet lærer ein nok langt meir enn berre sløyd. Her kan lærdom i mange ulike fag koplatt på.



No heng 13 slike flotte fuglekassar og ventar på å bli brukt.

Tekst og nett: Thor Inge Døsland

Foto: Tor Edward Taranger